

Hans Majestet Kongens fortjenstmedalje i gull for landsgavnlig virke.

Jeg kan ikke regne opp hva Arne Falkanger har gjort for Trondhjems Turistforening siden han for 15 år siden gikk inn i styret.

I de mange og tunge år under krigen lå ansvaret på ham, og på sin kloke og samvittighetsfulle måte førte han Trondhjems Turistforening gjennom de mange og vanskelige år og la grunnen for den ekspansjon som nesten med dynamisk kraft kom etter frigjøringen. Syv hytter ble skapt eller omformet i den tiden. Det er en innsats så enestående av personlig initiativ, klokskap og forutseenhet som vel savner sidestykke i de norske turistforeningers historie, og man må nesten spørre seg selv hvordan en enkelt mann, naturligvis støttet av et utmerket styre, kan klare å gjennomføre dette i løpet av de få år. Og man må kjenne Arne Falkanger for å forstå dette.


Jeg glemmer ikke mitt første møte med Arne Falkanger. Det var under Turistlandsmøtet på Hamar. Vi var gjester på den skjønnne gården Hovindsholm på Helgøen uti Mjøsen. På den vakre terrassen foran denne deilige hovedbygningen gikk vi opp og ned. Det vi diskuterte står ikke klart for meg, men jeg husker hvor levende interessert han var og hvilken smittende varme det stod av hans sympatiske person. Og det er denne smittende varme som har gjort dette hans livsverk mulig.

Arne Falkanger. Det er en stor ære for meg å få lov å feste denne medaljen på ditt jakkeoppslag.

Og når jeg gjør dette, må jeg få lov å inkludere en takk til deg fra landets samlede turistforeninger og ikke minst fra Den Norske Turistforening for hvem du i samarbeidets ånd har vært en strålende mann.

Jeg må også få lov å takke din hustru som alltid har stått ved din side, som har fulgt deg på dine vandringer og som har sluttet opp om ditt enestående arbeide.

Hjertelig til lykke!



F R Å E I F R A M A N D B O K

Av S. T. Resell

Onsdag 29. aug. 1934 gjekk O. Krog og eg i strid vind over Raufjellsetra, frammed Tovdalsbekken, over skara vestom Langtjøna og Grønlitjøna, utom Litlfjellet og over øvste greina av Fjellbekken og ned til Hosetsetra. Kom her til turistvegen gjennom Svartådalen og tok inn på Reitåsetra. Der fekk vi godt stell og nattlosji. Budeia var svært gjestfri, men vinden var så stygg at det vart lite somn om natta. Gunhild Reitås som er over 60 år og har vore mange somrar på setra, sa at slikt ver hadde ho aldri høyrert der før.

Torsdag klokka 9 reiste vi ut gjennom Svartådalen. Det vi tykte var mest imponerande, var fara etter alle skridulaup i fjellsidene frå Geithetta og Trollhetta. Rasa såg ut til å ha gått stygt siste vinter eller vår. Veldige endemorenar som som oftast hadde stansa heilt utpå Svartåbredden. Om dei hadde gått lenger og stengt elvafaret, så —? Skridor som hadde kome ned frå Trollhetta-breene og hadde stansa eit godt stykke frå elva, hadde hatt slik makt at store bjørker på Geithett-sida låg meia ned, som når haglskura legg nedåt åkeren fram i bygdene.

Vi kom til Trollheimshytta kl. 12, vart vist rundt i roma og fekk nemning på alle store fjell og mange store dalar som ein kan sjå frå hytta. Vinden hadde her blåse inn to glasrutor om natta.

På Langlisetra var det mørkk-kjøring og ostkoking. Ja, det var sonen på garden som gjorde det eine og seterdeia det andre, så ingen må blåse i nasen og tvile på ostesmaken. Vinden hadde ruska

i nevra på takom om natta. Presten Frid i Rindalen var her oppe og ville sjå når buskapen fór heim og kløva vart bore heim. Dei skulle reise klokka 4 morgon, den 31. august.

Frå Langlisetra til Liagarden gjekk vi på 1½ time. Vi såg oss godt om på dei svære Fiskesetrene som står ubrukte og snart forfell om dei ikkje blir teke i bruk att snart og stelt på.

På Liagarden setra ei kvinne frå Rindal. Ho hadde levd sine barne- og ungdomsår her på den gamle garden, vinter som somar. I 1892 flytta far hennar med huslyden sin til bygds. Bror hennar som i vår var vend heim frå U. S. A., var med her i somar. Han var flink aus-maker og treskjærar. Eg hadde aldri set finare ausor. Utskurden var òg god på dei. Desse to visste mykje om Folldalen si soge og mest om Liagarden. Vi såg Litl-åkeren, Åkersneppen og Hauga-ekra, så her hadde dei gamle i forne tider grave åker og avla korn.

Etter pratarstund og matkvild tok vi opp etter bratta og kom snart opp på lia der vi sette oss og tok attersyn over Folldalen, med fjella i krans kringom og Folla som livåra i dalbotnen med veldige flater på båe sider. Bossvassbekken frå Bossvatnom bortpå platået framfor Snota kom i foss nedetter flatberget midt for oss. Kvennbekkvatnet stod i skum og kok i stridvinden frå Trollhetta. Vi tok til vinstre for Rinnhatten over Kongensgrø, eller Skrøfjellet. Her var eit flatt, fagert platå, ei stor steinfly og ei svart jordfly utan veksande liv, berre eikor mosetuve og eit grann lyng her og der. Nedstiginga gjekk lett ned mot Rinnhattsetrene. Blåbera her var så aromatisk og fin i smaken at vi ønskte vi hadde hatt ei slik blåberli fram i Meldalen.

På Rinnhattsetrene fekk vi nattkvild hjå søskena Storli. Lærarinne Margrete Storli var budeie og broren Jon, som òg er utlært lærar, kjørte gjødsel som ein grepa kar, til han ikkje såg lenger for mørket. Vi hadde brukt godt og vel to timar frå Liagarden og til denne setra. Desse setrene ligg vakkert til ved Litl-Rinnvatnet.


Det kom ei Storli-datter til om kvelden. Det skulle bli heimflytting laurdag den 1. sept. Vi fekk god mat og gode, lange nok senger og sov godt etter vindvakinga i Svartådalen. Skodda som

hadde henge trugande over Trollhetta og Rinnhatten, hadde enno ikkje vunne seg ned i dalen — heldigvis.

Vi drog på heimveg om Helgetunsetrene ved Rinna. Her hadde det nær vorte brann kvelden før. Det hadde fata i nevra på taket og det var ingen takstige. Men budeia var ung og kravla etter nova oppå taket. Gjetargjenta bar vatn tu Rinna, og gjenta på Storli, som kom akkurat da, hjelpte til, og dei fekk slokt. Hadde det vore ei «stervendt» budeie, ville setra ha brunne ned i den strie vinden.

Over Raufjell-svarthamarskaret, frammed Raufjelltjønnna og ned åt Resheim og Granlisetra og til krokbecken. Her stod alt bra til med Kirsten og Gunhild. Det var altså fredag. Vi kom på Granlisetra klokka 1, men unde oss her ute til laurdagsmorgonen. Det hadde vore opphaldsver på heile forvitnaferda vår, men fredag kveld kjem det skodde og litt regn.

Det hadde vore ein gild tur. Minnet om fjell og fynne, om folk vi hadde råka, og hendingar frå vandringa vil vi gøyme og glede oss over i dagane som kjem.



Blåho